



Mjeldalen Ungdomslag
Mjelddalen 144
5286 HAUS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/1467 - 23/12663

Saksbehandlar:

Tor Asle Skiple

tor.asle.skiple@osteroy.kommune.no

Dato:

02.06.2023

Søknad om skjenkeløyve i samband med teaterframsyning 10.06.2023 (einskildhøve) - administrativt vedtak

Administrativt vedtak:

Saknr: 014/23

Vedtak

Mjeldalen ungdomslag, org.nr. 975 682 455, v/ Jostein Mjelde, får medhald av alkohollova § 1-7 innvilga søknad om skjenkebevilling for alkoholhaldig drikk med under 22% alkoholinnhald i samband med teaterframsyning 10.06.2023 ved Mjeldalen ungdomshus på følgjande vilkår:

Deltakarar: om lag 100 personar

Skjenkestyrar: Anita Løtveit, f. 10.02.1998

Stadfortredar: Bjarte Rolland, f. 07.11.1971

Skjenketid: kl. 16.00 - kl. 01.00

Skjenkestad: Mjeldalen ungdomshus, Mjeldalen 144, 5286 Haus

Den som serverer eller sel alkoholsvak eller alkoholhaldig drikk må ha fylt 18 år, og det må ikkje skjenkast/serverast til personar under 18 år. Sal- og skjenking må skje i samsvar med alkohollova med tilhøyrande forskrift.

Arrangøren er ansvarleg for tilstrekkeleg vakthald på området og eventuelle pålegg frå politiet må følgjast .

Løyvehavar er ansvarleg for ro og orden på skjenkeområdet.

Skjenkeavgift på kr 1850,- må vera betalt før løyvet er gyldig. Giro vert sendt frå økonomikontoret.

Post

post@osteroy.kommune.no
Postboks 1
5293 Lonevåg

Kontakt

www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto

Org.nr. 864.338.712

Saksutgreiing:

Mjeldalen ungdomslag søker om skjenkeløyve i samband med teaterframsyning 10.06.2023.

Uttale frå politiet er motteke med følgande merknad:

Politiet i Voss har i medhald i alkohollova §1- 7, 2. ledd ikkje merknad til søknad om skjenkeløyve enkelt anledning dersom det er nok vakter til forventa deltakarar, minst 10 for 100 deltakarar og deretter +1 pr. 20.

Kommunen har tidlegare gitt skjenkeløyve til liknande arrangement av same arrangør.

Tilstrekkeleg vakthald på området må organiserast i samråd med politiet.

Rådmannen kjenner ikkje til høve som tilseier avslag på søknaden og den vert difor innvilga.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
Kommunedirektør

Tor Asle Skiple
Leiar for Stab, støtte og utvikling

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.